

HFS 724

Geirmund Vik 1913 - 1956



Geirmund har drege kajakken på land og kosar seg med ei målarøkt



Ungdomsbilete av Geirmund Vik.

Geirmund Vik vaks opp i Havnen i Øystese. Der budde han og der hadde han for det meste arbeidsplassen sin.



Heimen der Geirmund vaks opp.

Litt om korleis underteikna fekk kjennskap til Geirmund Vik:

For snutt eit år si^{an} fekk eg telefon frå Halldor Helleland frå Lofthus, ein person eg kjende godt frå den tida han gjekk på statsrealskulen i Øystese, 1956 – 1958.

Han kunne fortelja meg at han hadde ein kajakk som han hadde fått av far sin i 1953 eller 1954. Han fortalde at denne kajakken var laga av ein frå Øystese som heitte Geirmund Vik. Denne kajakken har eg no pussa oppatt, og det er ein fantastisk flott kajakk. Han spurte meg om eg hadde kjennskap til denne mannen. Eg svarte så sant var at det hadde eg ikkje. Men eg lova han å røkja etter.

Det gjekk ikkje så lang tid før eg fekk greie på at Geirmund Vik var bror til Harald Vik som budde i Havnen.

Eg kontakta då Harald Vik og fekk ein god del opplysningar om Geirmund som eg bringa vidare til Halldor Helleland.

For nokre månader sidan ringde Lars Bleie til meg og spurte om eg ville skriva litt om Geirmund Vik i Hardanger Historielag sitt årsskrift 2006. Eg lova at eg skulle freista å få fleire opplysningar om Geirmund Vik.

Eg har no kontakta broren, Harald Vik, på nytt og eg let han fortelja om broren Geirmund:



Harald Vik f. 12.11. 1920.

Geirmund var ein mangslungen kar, og hadde veldig mange interesser. Han var ein ivrig friluftsmann, og me hadde mange turar i lag, kanskje aller mest skiturar. Han var oppteken av mange ting. Han eksperimenterte med å laga *modellar* av undervassbåtar mellom anna. Eg hugsar ikkje korleis båtane såg ut. Han fekk dei til å gå ned, og dei kom oppatt. Eg er sikker på at han nytta karbid i desse båtane.

Når karbidet kjem i vatn, så lagar det seg etengass.

$\text{CaC}_2 + 2 \text{H}_2\text{O} = \text{C}_2\text{H}_2 + \text{Ca(OH)}_2$. C_2H_2 er etengassen.

Båten må vera så tung at oppdrifta ikkje held båten oppe ved overflata, men når båten kjem nedover til eit punkt, så kan trykket auka så mykje at karbidet på ein eller annan måte kan koma i kontakt med vatnet og utvikla gass som då eventuelt trengjer vatn ut og dermed letnar båten og stig opp til overflata att. Sjølv mekanismen her hugsar eg ikkje. Men me tykte det var "finurleg".

Kajakkproduksjon.

I 1935 byrja planane hans om produksjon av kajakkar. Men før han kunne setja i gang med det, måtte han ha kunnskap om kajakktypar og korleis dei lagde desse. Han visste om ein stad i Sverige der dei laga kajakkar. Plassen heitte Malmstad, i nærleiken av Gøteborg.



Malmstad i Sverige i1937.

Han reiste i alle fall dit, og kom heim att som fullærd kajakkbyggjar. No sette han i gang med storproduksjon av kajakkar. I 1937 padla han like godt til Sverige i eigen kajakk og selde han der, og tok toget heimatt. Han arbeidde mange typar kajakkar, einmans, tomanns og mange seglkajakkar.



Harald Vik i einmannskajakk



Geirmund med fylgje i tomannskajakk




Geirmund med seglkajakk.

Eg veit ikkje kor mange kajakkar han selde, men det var eit ganske stort tal. Dei fleste er ikkje til lenger, men no har eg fått greie på at det er nokre kajakkar inne i Sørfjorden som er tekne vare på.




Fire kajakkar på fjorden

Under krigen padla eg og Geirmund til Fitjar. På turen tilbake brukte me to dagar, og me landa eit stykke lenger ute i fjorden.



Norske flagg ville ikkje tyskarane ha.

Men me var uheldige og treffte på to tyske vakter som snakke hardt til oss for at me hadde norske flagg på kajakkane våre, men me slapp unna berre med tiltale.



Seglkajakkar i full drift.

Me hadde mannge kajakkurar. Ein gong var me til Herand, og fekk uver på oss på tilbaketuren. Då var me redde for at me skulle missa synet av kvarandre. Det gjekk godt då også, men me fekk dugeleg kjeft då me kom heim. Me burde vita om korleis Samlafjorden kunne oppføra seg.


Me var fleire turar til Fitjar.



Me måtte dra kajakken på land og fekk ein bonde til å køyra kajakken forbi minefeltet, slik at me kom oss ut att frå Fitjar

Ein gong vart me stengde av minefelt som tyskarane hadde lagt ut. Men ein bonde hjelpte oss slik at me kom klar feltet. Me nytta ei anna rute då me padla inn til Fitjar.

Eg kunne fortalt mykje meir om kajakkurane, Men det er i alle fall gode minne å ha.

 Nils Årekol fortel etter Leiv Soldal at han var på Hesthamar Jordbruksskule året 1945. Dette året var det Hardangerstemna på Lofthus. Leif hadde då sett Geirmund Vik padla i full fart forbi Hesthamar. Han skulle vel sikkert då på stemna.


Det vart i grunnen eit retteleg kajakmiljø i Øystese i tida frå 1937 og utover på førtitalelt seier Harald Vik. Dei fekk kontakt med andre kajakkklubbar også. Dei vitja mellom anna kajakk-klubben i Haugesund.



Kajakk-klubben i Haugesund.

Halldor Helleland.

Me vil høyra kva ein kajakkentusiast har å seia om kajakkane til Geirmund Vik.




Halldor Helleland 2006.04.10.

Kajakken eg har, fekk eg av far og mor anten i 1953 eller 1954, helst i 1954. Dei kjøpte kajakken av ein kar borte på Nå som heitte Jakob Glademo. Eg meiner dei gav kr.150 for han. Det var ikkje så lite pengar det på den tida. Jakob kjøpte ikkje kajakken ny, han var rimeleg eigar nr. to. Me trur han er laga før krigen. Kajakken er koparnagla, og under krigen var det svært vanskeleg å få tak i kopar. Det er ein kajakk til borte på Nå. Eigaren var Ola Kambestad. Han flytte seinare frå Nå. Men eg meiner bestemt at eg har sett ein kajakk i eit naust på Kambestad. Sjur Jåstad har ein einmannskajakk som han sjølv seier er i dårleg stand. Men denne skal pussast opp. Han meiner at kajakken hans er ein seglkajakk. Geirmund Vik har interessert meg heile livet. Eg visste at han hadde laga mange kajakkar og mange typar, og dei eg kjenner til, er alle ualminneleg fint forseggjorde.



Spantene i båten.

Halldor peikar på spantene i kajakken sin og fortel. Dei er fint laga og er godt 1cm breie og om lag same tjukn. Dei er koparnagla. Det er mellom 1300 og 1400 koparnaglar i denne båten som G. Vik har laga.



Denne kajakken har eg resturert to gonger. Det var i 1970 og vinteren 2006. Kajakken var nok laga som ein seglkajakk, og eg er vorte kjend med at Geirmund laga mange seglkajakkar. Dette er skikkeleg arbeid. Han er like fin og frisk i veden i dag som då han vart laga.



Halldor på fjorden ein fin

vårdag 2006.

Kajakken vart mykje brukt då eg var ung, ja faktisk seinare og. Eg padla mykje i lag med ein som heiter Jakob Bleie og ein som heiter Johan Hamre. Eg padla ofte åleine. Eg var utover til Vines ei helg. Det var det lengste eg padla som gutunge. Eg hadde eit lite segl på han og siglde ein god del også. I 1970 vart han ombygd. Då bygde eg utriggarar på han, slik at han vart som ein Polynesarkano med to utriggarar og eit stort segl som eg fekk sydd i Hong Kong. Eg og kono siglde mykje då me var nygifte. Det gjekk unna som berre det. Seglet har eg i dag og. Enno ein gong, ein stødig og solid kajak, laga fyrst av spant, så bord og seilduk utanpå.

Eg hugsar at det framme i karmen var det eit skilt, og på skiltet stod det:

Geimund Vik, Kajakkverkstad Øystese.

Eg har no hatt kjakken i over 50 år og har hatt mykje glede av han. Eg vonar på at etterkomarane mine tek vare på han, og at dei kanskje også kan ha han i 50 år. Det hadde vore bra. Halldor Helleland var svært glad for at han hadde fått litt meir kjennskap til mannen som i si tid bygde så mange fine og solide kajakkar.

Tilbake til Øystese og Geirmund Vik



Dette er verkstaden til Geirmund i Øystese

Det var her dei mange kajakkane vart til. Verkstaden ligg heilt nede ved sjøen.

Geirmund var også skiprodusent.

Harald fortel at han laga ein god del askeski. Han skaffa seg maskiner til denne produksjonen. Det var ofte folk braut skia, og Geirmund lappa dei saman att. Broren fortel elles at han sette i gang med å laga splittkeinski.



Geirmund saman med broren Harald.


Dette er ikkje ski anno 2006



På Kvamskogen 1935. Geirmund i midten og Harald til høgre, til venstre ser me Lars Fykse.

Magne Børveen.

Flymodell-produzent.




Dette er ein flymodell som skal landa på bakken.

Desse modellane laga han arbeidsteikningar til sjølv, han sende også arbeisteikningar inn til Norsk Ukeblad, som trykte dei.

Harald fortell at flya vart laga av ekstra lett tremateriale, tekt med ekstra tunt silkestoff. Flya var rundt 75 cm. Brørne, Harald og Torval og Olav O. Hovland fekk læra å laga modellfly. Harald hadde i si laga modellfly etter teikningar av Geirmund Vik. Flya vart laga både med hjul og flotørar. For å få dei opp i lufta vart ein sterk gummistrikk smurt inn med glyserin, då vart gummien mjuk og kunne strekkjast mykje lenger. Strikken vart festa på propellakslingen og inni, bak på flyet. For å få propellen til å gå, måtte dei trekkja han opp med å snu han

rundt mange gonger. Flya kunne gå langt når dei var godt opptrekte, fortel Harald.



Denne modellen har flotørar.



Hobbymålaren Geirmund.

Geirmunund Vik viste og interesse for teikning og måling. Han begynte tidleg med teikning. Dette hadde han god nytte av då han laga teikningar til flymodellane sine. Han deltok på eit målarkurs som Jakob Botnen hadde i Øystese. Etter dette kurset tok han ofte penselen i handa fortel broren.



Geirmund ved teiknebrettet

Heime i stova til Anna og Harald Vik finn ein nokre maleri av Geirmund.





**Dette er eit maleri av Gunnbjørneset
Slik det såg ut på trettitalet.**



Foto av Gunnbjørneset slik det ser ut i dag.

Etter kurset hjå Jakob Botnen deltok ha på ein målerverkstad på Tolo. Der lærte han meir om måling. Der var det også eit utsal.

Til tross for dei mange interessene til Geirmund Vik, så var det nok kajakkar og kajakkproduksjon som låg han mest på hjarta. Han fekk tidleg kjennskap til produksjonen av plastkajakkar. I 1956 bestemte han seg for å reisa til Sveits for læra teknikken ved produksjon av plastkajakkar. Dette varrt diverre endelykta for Geirmund. Han reiste med toget. Han skulle på toalettet. Ved sida av døra som gjekk til toalettet, gjekk det ei dør direkte ut. Han tok feil dør og datt av toget og slo seg i hel.

Ein stor handverkar og "tusenkunstnar" var ikkje meir. Denne ulukka hende 9. februar 1956. Dei fleste i Kvam kjenner sikkert ikkje så mykje til Geirmund Vik.

Men eg vonar at dette som er skrive her, kan gjeva eit lite inntrykk av kva mannen stod for.

Eg kan nemna heilt til slutt at han lærde seg språk på eiga hand, i alle fall engelsk.



Utsyn over Hardangerfjorden frå heimen der Geirmund vaks opp.



**Dei som har fortalt om "Tusenkunstnaren" Geirmund Vik.
Anna og Harald Vik.**

**Nedskrive av
Nils Årekol.
Øystese den 25, 4. 2006**